

Radøy Skyttarlag,
Radøyvegen 1737,
5936 Manger.

Radøy kommune,
Sveinung Kvamme,
Radøyvegen 1690,
5936 Manger

Manger den 26 august 2015

**Søknad om
Idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning
– Stokkedalen Skyteanlegg. Anleggsnummer 1260003601.**

Radøy Skyttarlag melder hermed inn søknad om idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning til Stokkedalen Skyteanlegg. Anlegget ligg ved Haukåsen. Det er Radøy Skyttarlag som eig arealet der anlegget skal byggjast, og eigedomen har eige gard- og bruksnr. Kopi av skjøyte vert lagt ved.

Skyteanlegget består av ulike baner for skyting og er eit samarbeidsprosjekt mellom laga som driv skyting. Laga er tilslutta landsomfattande organisasjonar, Det frivillige skyttervesen, Norges Skytterforbund og Norges Jeger og Fiskeforbund. Anlegget er byggemeldt og der vil det framgå kva anlegget omfattar. Skyteanlegget i Stokkedalen er på andre plass i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø i Radøy.

Radøy kommune har vedteke reguleringsplan for området, og skyteanlegget er teikna inn i Radøy kommune sin arealplan for området.

Behovsoppgåve

Planane for skyteanlegget er at det skal verta eit aktivitetsanlegg for DFS skyting, sportsskyting jaktskyting og friluftsliv. Anlegget vert eit fleirbruksanlegg. Radøy Skyttarlag disponerer i dag skytebane som ligg nær Manger sentrum. Dette anlegget er gammalt og lite tidsmessig. Anlegget vart bygd rundt 1965 og er kun eigna for rifleskyting. Det er ikkje bilveg fram til anlegget. Behovet for ny bane er stort. Her vil ein få samla alle som driv skyting på ein stad, både trening og konkurranseskyting. Dette vil gje betre kunnskap om sikker våpenhandtering og auka skyteferdigheit. Anlegget vil verta ein møteplass for alle som driv skyting i Radøy. Talet på medlemmer i dei laga som er med er over 500. Slik det er no reiser mange frå Radøy andre stader for å skyta, fordi tilbodet er for dårleg. Me meiner difor behovet for eit nytt skyteanlegg i kommunen er stort. Vedlagt kopi som syner at det er kø på skytebanene.

Universell utforming

Skyting er ein sport mange rullestolbrukarar praktiserer. Anlegget vert bygd slik at det har universell tilpassing/tilgjengelegheit. Dette med tanke på tilgjengelegheit for bevegelseshemma. Skyttarhuset

har handikaptolett og alle standplassar og veg fram til desse vert tilrettelagt for rullestolbrukarar. Det er ikkje garderober i nokon av bygningane og det er heller ikkje tribunar. Teikningar ligg ved.

Kostnadsoverslag

Totalkostnaden for heile anlegget vil utgjera ca kr. 1 0521 000,-. I tillegg er det til no brukt om lag 1,6 mill kroner til grunnerverv m.m., og over 6000 dugnadstimar. (Dette er egne midlar og tilskot frå DFS). Laga har ikkje midlar til å starta bygging av alle baner og hus samstundes, og ein vil difor dela det heile opp i mindre prosjekt. Dette framgår av vedlagte kostnadsoverslag.

Laga reknar med å finansiera anlegget med ein tredel spelemidlar, kommunale tilskot, sponsormidlar, egne midlar og dugnadsarbeid. Det vil verta søkt om spelemidlar for dei einskilde prosjekta når laga har fullfinansiert prosjektet.

Drift

Radøy Skyttarlag står som ansvarleg søker. Drift og vedlikehald av anlegget vil vera eit samarbeid mellom laga som skal driva skyting i anlegget. (Radøy Skyttarlag, Nordhordland Jakt og Fiskelag og Radøy Sportsskyttrlag).

Situasjonsplan/kart

Reguleringsplankartet syner plassering av dei ymse banene i anlegget. Reguleringsplanen beskriv og bruken av anlegget.

Eigedomsforhold

Skyteanlegget er plassert inn i Radøy Skyttarlag sin eigedom og regulert til skytebane.

Sikkerheitsmessig godkjenning av skytebaneanlegget

Anlegget er sikkerheitsmessig godkjent av Hordaland Politikammer 18.4.95. Vedlagt skriv frå politiet.

Avslutning

Vonar på eit snarleg positivt svar på søknaden slik at me kan få sendt søknad om spelemidlar for det første prosjektet alt i år.

Med vennleg helsing

Radøy Skyttarlag

Kornelius Manger

-form-

91334067

korne-ma@online.no

10 vedlegg